

KYRKJEBLAD



B



FULLDISTRIBUSJON

RETURADRESSE:
Prosit design og
kommunikasjon as
Pb. 122, 6659 Rindal

November 2012

«Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til.» Mark 10,14

Nr. 5 – 72. årgang

Kveldsbønn

*Jeg folder mine hender små
i takk og bønn til deg.
La alle barn i verden få
det like godt som jeg.*

*Vern alle med din sterke hånd
mot fattigdom og død,
og hjelp små barn i alle land,
så ingen lider nød.*

*La ingen krig og sult og sott
få gjøre oss fortred.
La alle leve trygt og godt
i frihet og i fred.*

*Thorbjørn Egner
(1912-1990)*

Kveldsbøn

*Eg faldar mine hender små
i takk og bøn til deg.
La alle barn i verda få
det like godt som eg.*

*Vern alle med di sterke hand
mot fattigdom og død,
og hjelp små barn i alle land,
og gje dei dagleg brød.*

*La ikkje krig og svolt og sott
få rive lykka ned.
La alle leve trygt og godt
i fridom og i fred.*

*Thorbjørn Egner
(1912-1990)
(Halldis Moren Vesaas)*



Trusopplæring i heimen

I det siste har det vore spurt etter større fokus på trusopplæringa i heimen. Kyrkja har i nokre år arbeidd mykje på ei betre trusopplæring i dei enkelte kyrkjelydar med midlar til prøveprosjekt. Når resultatet av desse forsøka kjem på plass i alle kyrkjer, så spør ein del «truseksperter» korleis det vart med formidlinga av trua i heimen. Korleis lever dei kristne familiane ut trua i kvardagen? Kor vart det av andakten, og kva slags rammer og trygge rutiner finn vi i heimen i dag? Kanskje nokon treng hjelp for å greia å ta dåpslovnaden på alvor? Hjelp til å prioritera? Eller blir det berre eit nytt krav til dei travle og stressa barnefamiliane? Ei mor skriv: «Er barna slikt eit ork at vi berre er nøydde

til å avskjera oss frå dei velsigna privilegia som kristen tru og livspraksis inviterer oss inn i?»

Kyrkjebladet fokuserer på dette temaet denne gongen, og kanskje vi skulle samtala meir om det. Vi kan gjerne ta imot gode råd for å lukkast i å skapa ein kristen heim.





ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
 Telefaks 71 29 38 28
 E-post sokneprest: petter.dahle@
 gjemnes.kommune.no
 Biletet: Øre kyrkje

4-åringene har fått kyrkjebok



Her ser vi eit glimt frå utdelinga i Øre kyrkje, der det var hausttakkefest samme dagen.

Foto: Einar Hals

Konfirmantjubiläum

Mange møtte fram til konfirmantjubiläum i Øre og Gjemnes dette året.

Her samlast mykje livserfaring, og mange minne og refleksjon over livet blir delt i løpet av ein triveleg dag.

I Øre kyrkje var det 30 konfirmantar i 1962. 3 av dei er gått bort. 17 jubilantar deltok på jubileet søndag 9.september. Etter gudstenesta i kyrkja var det velsmakande

middag og triveleg samling i ny-opp-pussa kjellarstove på Høgtun.

I Gjemnes kirke var det 21 konfirmanter i 1962, og 13 av dei møtte til jubileum søndag 16.september. Her deltok også 4 frå konfirmantkullet i 1952. Det var pynta til fest i grendahuset Fjordgløtt, menighetsrådet stod for trakteringa, og middag og kaker vart godt motteke!



Navn på jublantene Øre 2012

Framme frå venstre: Mari Ask Fredriksen, Liv (Romuld) Visnes, Mari Ann (Eide) Haugen, Marie (Flatsetø) Harstad. 2.rekke frå venstre: Elin (Solli) Torvik, Gjertrud (Heggem) Eriksen, Anne Liv Nygård Elvestad, Velaug (Wassvik) Følsvik. Bak frå venstre: Tore Oddvar Silset, Ottar Ohren, Kåre Magne Harstad, Svein Ivar Lindøy, Geir Sveinung Berg, Ole Arnfinn Solli, Andreas Nygård, Oddbjørn Magne Solenes, Olav Sæther.



Hausttakkefest har det vore i begge kyrkjene og på Osmarka. Her frå pyntinga på Osmarka.

Foto: PD

Konfirmantjubilanter i Gjemnes kirke.



50-årskonfirmantene: Framme fra venstre: Ingeborg (Hjelkrem) Kippernes, Anne Skjevlingsnes (Meek) Torvik, Sigrid Anne (Høgset) Heggem, Marit Kristine (Grønset) Ohren, Pauline Marie (Grønset) Harstad, Solveig Irene Søvik.

Bak fra ventre: Reidar Berge, Arve Bruseth, John Halvord Harstad, Ragnhild (Halset) Grønseth, Nils Olav Høgset, Peggy Pauline (Lønseth) Heggem, Solbjørg Johanne (Lønseth) Gjøen.



Navn på 60-årskonfirmantene i Gjemnes kirke 2012. Fra venstre: Wiggo Wiik, Gunnlaug Kristine (Bach) Lervåg, Helga Skjærset, Anne Lovise Wiik Nilsen.

Foto: PD



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 03 03
Telefaks 71 53 12 40
E-post: post@kirken.tingvoll.no
Biletet: Straumsnes kyrkje

Spennende konsert

Kantor på Tingvoll bød på en spennende konsert lørdag 18. august. Store variasjoner, flotte instrumenter og en klang som fyller i kirkerommet er noe av det som venter publikum på konsert. **Ioana Maria Precup** hadde med seg sin mann **Nikolas Fehr** med hans store konsert-trekkspill og bandoneon, og sammen presenterte de klassiske melodier, kirkemusikk og litt tango. Klangene varierte fra jublende og vakre til ekstatiske og litt ville, og de to musikere brukte til sammen fire instrumenter.



Trusopplæringsmidlar

Kyrkerådet er skuffa over statsbudsjettets trusopplæringsmidlar. Dei meiner at med dei innvilga 32 mill friske kroner til trusopplæringa, så fell fortsatt 250.000 born og unge i den norske kyrkja utanfor reformen. Kyrkerådsdirektør Jens-Petter Johnsen seier at det trengs ytterlegare 116 mill kroner for å få fullfinansiert denne stortingsvedtatte satsinga som skulle omfatta *alle* døypte i aldersgruppa 0-18 år, ikkje berre eit fåtal, slik det er no. Totalt tilskot etter påplussing på 31,2 mill kroner er 234,2 mill kroner i 2013. Plana som vart vedtatt i 2003 var ei opptrappingsplan som innebar årleg finansiering på 250 mill kroner i 2013.

Ref: VL

Bøker

«Å gi plass til en annen.»
Lena Bergstrøm Luther forlag 2003.
Åndeleg praksis med småborn i huset)

«Ung tro – en matbit for hver dag»
Asbjørn Kvalbein – Lunde forlag.
(Trygg forkynnelse og veiledning til unge lesere)

«Barnebibelen viser vei» -
Pat Alexander – Lunde forlag

«Bildebibelen for de små» -
Kenneth N. Taylor -Lunde forlag

«Min barnebibel» -
Sally Ann Wright – Lunde forlag

«De gode gamle fortellingene» -
Mari Maurstad (red) – Lunde forlag

«De gode gamle julesangene» -
Mari Maurstad (red) – lunde forlag

Ny salmebok

No er den nye salmeboka klarert frå Kyrkjemøtet, er klar til trykking, og skal tas i bruk til neste kyrkjeår.

I denne sammenheng uttrykker seniorrådgjevar i Kyrkerådet og sekretær for salmebokutvalet Åge Haavik:

«Salmeboken er kirkens åndelige og kulturelle skattkammer. I salmen er det bibelske budskap og den åndelige erfaring tilrettelagt i kunstens form. I dette tilfelle dreier det seg om to typer kunstverk, nemlig et dikt og en komposisjon. Det er den veltrufne kombinasjonen av disse to kunstverkene som muliggjør at salmen kan realiseres etter sin ide, nemlig ved å synges av en forsamling som et ledd i menighetens gudstjenesteliv.»

Prestesituasjonen

Denne hausten er prega av vakanse i fleire prestestillingar i prostiet. Halså står fortsatt ledig etter at Erik Blomstrøm slutta, og i Sunndal er ei prestestilling ledig etter at Bård Boye reiste. Bernt Venås har studiepermisjon frå Stangvik i tre månader. Der vikarierer Dag Øivind Østereng fram til jul. I Sunndal vikarierer Sigurdur Gretar Helgason frå Island ut året. På Tingvoll, der sokneprest Cathrine Grutle skal bruka deler av tida si på eit trusopplæringsprosjekt for heile prostiet, vil oppgåvene bli delt mellom prosten og vikarar til enkelttenester.

ERE

Litteraturpris - Bibel 2011

Den nye bibelomsetjinga frå 2011 har vakt stor interesse og er seld i snart 100.000 eksemplar.

«Bibel 2011 – Litteraturutgaven» vann årets litteraturpris i gull i klassen for skjønnlitteratur/Voksenlitteratur for vakraste utforming, trykk og design. Juryens grunngjeving var: «Dette er uten tvil en fantastisk produksjon! Den er en overbevisende utgivelse med et flott samspill mellom lesevennlig og gjennomført typografi, fantastisk innbinding, godt valg av papir, og en var helhet i forhold til tema. Alle detaljer er nøye gjennomtenkt og utført.» Litteraturutgåva er i tre bind. Ref: Kpk (Kristelig pressekontor) og Nytt om Bibelen (Bibelselskapets informasjonsblad)

Bibelomsetjing i verda i dag

Gjennomsnittleg er 650 omsetjingar av Bibelen i regi av Dei forente bibelselskap eller nasjonale bibelselskap i gang pr år. 35 utgåver er ferdigstilte kvart år. Det tek i gjennomsnitt 10-12 år å ferdigstillast ein heil bibel. (Redusert med 8-10 år pga datateknologien) Nye prosjekt blir heile tida sett i gang over heile verda. Det norske bibelselskap støttar i år over 25 forskjellige bibelomsetjingar rundt om i verda.

Ref: Nytt om Bibelen (Bibelselskapet)

Sjelesorg og rekreasjon

Institutt for sjelesorg, Modum Bad, 3370 Vikersund, har kurs om sjelesorg i møte med konflikt 12.-14. nov 2012 og 14.-17. febr 2013.

For rekreasjonsopphald er det ledige plassar vekene 45,48,49 og 50.
www.sjelesorg.no - eller tlf 32749830



SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 23 00
 Telefaks 71 69 25 44
 Åpningstider: ma-fre 09.00-15.00
 E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
 Kirkeverge: Stig Rune Andreassen
 E-post: stig@sunndal-kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,
 Romfo kyrkje

Teneste med Jesus i Sentrum

Etter 16 år som prest i Sunndal flytter Bård Boye til Jørpeland der han startar som prest 15. oktober, men kjem att før jul for å ta avskjed sammen med Mette som fortsatt er i halv stilling som trusopplæringskonsulent. Dei tre borna er store, men den yngste blir med.

«Da eg kom hit, rett frå studie og militærtjeneste, var eg grøn og uerfaren som prest, full av teologi og teori. Og eg lurte på kva som var viktigast og kva som var det egentlege. Kva skulle eg formidla?»

Bård seier at han har funne ut etter kvart at det er å ha eit rett og godt forhold til menneske og Gud. Å praktisera godhet, spesielt mot dei næraste, dei som treng det mest og mot ungdomen; framtida vår. «Det er viktig for meg, og å leva nær Gud sjølv, bruka tid til Gud i bøn, slik vi forpliktar oss på ved presteinnsetjinga. Bøna og Ordets teneste er hovedkallet. Jesu ord om livet er fundamentet. Mi teneste som prest er så viktig fordi Jesus og hans ord er så grunnleggjande for samfunnet og for enkeltmenneske. Sjølv om alle har grunn til å tenkja stort om arbeidet sitt, er dette sjølv fundamentet under oss.»

Mette er med i leiarskapet for organisasjonen Oase, som er ei rørsle som

Takk til Bård Boye fra Ålvundeid sokn

Bård Boye hadde si siste gudsteneste i Ålvundeid kyrkje søndag 9. sept, og Ålvundeid sokn markerte det med gåve og takk for snart 16 års teneste. Soknerådsleiar framheva spesielt innsatsen hans for konfirmant- og ungdomsarbeidet og fokuset på Jesus i prestenesta og forkynninga, som noko vi vil hugse han for. Samtidig vart det og uttrykt takk til kona Mette som også har halde gudstenester for oss.

Etter gudstenesta hadde kyrkjetenar Per Ulvund sin private avskjed for Bård. I sakristiet hadde han ordna med avskjedsgåve, lys på bordet og



har gitt impulsar, bevegelse og nytt liv i kyrkja. Dette har også betydd mykje for Bård, som meiner at kyrkja kan bli for stillestående og lite dristig.

Tida i Sunndal har vore ei fantastisk tid, med naturen som tilleggsbonus, seier Bård, ei tid med store utfordringar, men også ei tid med store personmessige motsetnader og vanskar som han i ettertid ser at var ei viktig modningstid.

«Eg har i denne tida fått sett at det er noko fantastisk med alle menneske eg har møtt, og djupast sett har det vore ei god tid fordi eg får vera hos ein fantastisk Gud og får vera med og peika inn mot han som er større enn vi små menneske kan forstå. Vi fattar ikkje heilt kva vi held på med, men ingen ting er større!» seier Bård med stor innleving.

Han har nyleg mista far og vil flytta nærare mor; ei mor som gav han det viktigaste da ho bad aftenbøn med han på sengekanten.

«Det er ikkje noko anna som har betydd så mykje for meg, og eg har prøvd å gi

kaffeservering. For den som obseverte dette, vart det opplevd som ei fin og ekte avslutning på eit langt arbeidsfelleskap og vennskap.

Asbjørn Innerdal



det vidare til mine born. Det er viktig i heimen med enkle songar, bibelbøker og bøn. Vi er så forskjellige. For somme går det bra å gjere det saman rundt frokostbordet, for somme er det betre ved sengekanten om kvelden. Det viktigaste er at borna får høyra om Jesus og læra å be. Å velja Jesus og det han har sagt er heilt avgjerande for vår framtid både som samfunn og som enkeltmenneske. Kyrkja si viktigaste oppgave er å peike på Jesus og gi vidare det han har sagt: Jesus i sentrum!»

ERE

Bibelforteljing i trusopplæringa

I prestefamilien Ingebjørg Charlotte og Helge Storset er bibelforteljinga viktig i trusopplæringa i heimen, men også song og bøn på sengekanten. Og når borna har gått på skulen, les dei ein andakt og eit kapittel i Bibelen sammen.

Sokneprest Helge Storset i Sunndal meiner at det er skaparverkets prinsipp at ting skal skje i heimen. Ved familie, foreldre og born. Slik har kristendomen overlevd t.d. i kommunistregimer som Sovjetunionen. Og slik har den også overlevd i vårt land. Helge er positivt overraska over kor mykje som finst av trusopplæring i heimane. Spesielt ved at foreldra bed kveldsbøn med borna sine. Det er noko som dei fleste kan få til, gjerne også med samtale omkring det. I Sunndal får alle dåpsborn eit bilete av kyrkja si med kveldsbøn. Foreldra kan velja mellom fleire bøner, og vil gjerne bruka noko dei kjenner. Kyrkja deler også ut barnebiblar til 5-åringane og besøker heimen. Da kan foreldra sjølv formidla dei viktige bibelforteljingane vidare.

I heimen til Storset har dei lagt vekt på forteljingane som noko av det viktigaste å gi vidare til dei fire borna, som ikkje har vorte tvinga til å vera med på gudstenester og møter. Evangeliet har vorte formidla først og fremst gjennom forteljingar slik apostlane fortalde kva dei hadde opplevd. Det blir også brukt i familiegudstenester ved flanellograf etc. Men Helge poengterer at vi når ikkje så mange ved gudstenester og søndagsskulen. Det er i heimen det skjer.

ERE

Kirkens viktigste oppgave i dagens samfunn

Der kan det ikke være noen tvil. Det er opplæringen av barn og unge i den kristne tro. Det er grunnvullen for kristendommens eksistens i vårt land. Vi kan nok føle på at vi her stamper i motvind. Siden kristendomsundervisningen i skolen ble konfeksjonsløs i 1969 har det jevnt gått nedover med kristendommen i skolen til den nå er nesten borte. Og det lille som er igjen omfatter bare kunnskap, ikke tro. Men skal man forstå hva levende kristendom er, må tro og kunnskap følges at.

Professor Oluf Kolsrud sa en gang om Luthers lille katekisme at det var den som lærte det norske folk evangelisk kristendom. Så viktig er denne boken. Men nå er det lenge siden den kom ut av skolen. Ser ikke vår kirkes ledere dette? Religionen er funda-

mentet i enhver kultur. Blir kristendommen borte, er vi på vei mot en ny kultur.

Egoismen er verdens største synd. Men den har mange ansikter. Katekismen lærer oss f.eks. at vi ikke skal stjele. Eller sagt med andre ord: Den lærer oss å skjelve mellom mitt og ditt. Kanskje noen synes dette er en bagatell. Men da må vi huske på at også en stor brann begynner i det små. Får uærligheten utvikle seg ender den opp med underslag, korrupsjon og manglende tillit i samfunnet. Slik blir det når rett og galt skiftes ut med lurt og dumt. Hvem kan man da stole på?

En gang i fjor kunne Sunnmørsposten fortelle om store hull i kristendommen. Elementær kunnskap i kristendom er borte for nesten en hel generasjon, uttalte en

representant fra et kirkelig fellelråd i Nordfjord. Ser man da ikke hva dette vil føre til? Det går mot en kultur som ikke bygger på det faste fundament som kristendommen er, men på en gyngende grunn. Og hva fører vel nøytraliteten til i denne forbindelse? Jo, til oppløsning og utrygghet.

For tiden bruker man mye ressurser på å øve inn ny liturgi. Men hva blir resultatet når man har så lite grunnfjell å bygge på? Dermed henger det meste i luften. Og kommer flere til kirken på en dårlig kirkesøndag i julen ved å kalle den romjuls søndag i stedet for søndag etter jul? Nepppe. Nei, lær de unge Guds vei, og begynn med barna. Først da vil de komme.

Nils Heie
(vikarprest i Halså)

Tonekveld i Ålvundeid

På septembers siste dag inviterte Ålvundeid kyrkjelyd til tonekveld i Ålvundeid kirka. Det er etter hvert blitt en svært verdifull tradisjon i Ålvundeidmenigheten at man en søndag i semesteret holder en slik kveld. Nær 50 mennesker hadde funnet veien til kirka denne høstkvkvelden og de fikk en deilig og stemningsfull opplevelse

med musikk som stod godt til årstiden. Det var Tor Strand og Ola Bræin som fortryllet oss musikalsk denne kvelden.

Tor er en slik musiker, som når du lukker øynene og lytter, kan få det litt blasse 90-talls pianoet i Ålvundeid kirka til å vokse seg stort, mektig og klangfylt som Steinway flygel. Ola hadde som vanlig munnspeilet i

sin hule hånd. Han dro varsomt toner ut av spillet, noen toner var tynne og vevre som lintråd, mens andre var tykke og lune som ulltråd av Dalasau.

Kveldens repertoar spendte vidt, fra Geirr Tveitts «Velkomne med æra» til Astor Piazzollas «Jeanne y Paul». Selv kom jeg til konserten, så og si rett fra en durableig konfirmantleir, og festet meg derfor særlig ved herrenes fremføring av Edvard Bræins arrangement over en sang fra Ålvundfjord; «Ro er Sjælens bedste Skat».

Ola og Tor står godt til hverandre og ikke minst, de og musikken de brakte stod usedvanlig godt til selve Ålvundeid kirka.

...som vi sier i folkekirka; stemningen var til å ta og føle på, publikum var ikke til å styre.

Artikkel: Laskerud
Foto: Nils Ulvund



Prestesituasjonen i Sunndal

Bård Boye sluttar som prest i Sunndal etter 16 års teneste. Han flytter til Jørpe-land.

Arbeidet i Sunndal er basert på å ha tre prestar. Dei har ingen diakon eller kateket.

Stillinga som Bård har hatt, blir no utlyst frå 1. januar, med vekt på konfirmant- og ungdomsarbeid.

Ut dette året vil Sigurdur Gretar Helgason vikariera. Han har vore prest i 15 år på Island.

ERE

Krisetelefon

«Kirkens SOS» er ein del av kyrkjjas diakonale arbeid. Det er ei døgnopen teneste basert på frivillige vakter der alle som treng kan ringa og få ein samtale. Vaktentralane for Møre og Romsdal ligg i Molde og Ålesund. «Kirkens

SOS» treng fleire frivillige og startar nye innføringskurs i oktober. Interesserte kan melda seg på tlf 70100992, e-post: more-romsdal@kirkens-sos.no eller Kirkens SOS, Postboks 409, 6001 Ålesund
Dei som treng hjelp og nokon å snakka med, kan ringa nr 81533300.

Neste nummer kjem veke 50.
Frist for innsending av stoff
er 20.november.

Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

Gudstenesteliste

24.søndag i treenighetstida 11.november

Luk 12,35-40

Øvre Rindal kapell kl.11:00 Familiegudstjeneste. Utdeling av bibler til 5.-klassingene. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Norsk Søndagsskoleforbund.

Hov kirke. kl.11:00

Helgason. Nattverd.

Romfo kyrkje. kl.11:00

Laskerud. Dåp. Takkoffer til Nordmøre Søndagsskolekrets.

Øye kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Tingvoll kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Leif Endre Grutle. Takkoffer til Norsk misjon i øst.

Gjemnes kirke kl.11:00

Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Norsk Misjon i Øst. Kirkekaffi.

25.søndag i treenighetstida 18.november

Matt.14,22-34

Valsøyfjord kirke kl.11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til Kristen idrettskontakt.

Rindal kirke kl.11:00

Familiegudstjeneste. Lene Gåsvatn. Utdeling av bibler til 5.-klassingene. Takkoffer til Misjonsprosjektet, NMS.

Hov kirke kl.11:00

Laskerud. Takkoffer.

Ålvundeid kyrkje kl.11:00

Helgason. Nattverd. Takkoffer til Solhøgda.

Ranes kyrkje kl. 11:00

Høgmesse. Takkoffer til orgelet i Ranens.

Åsskard kyrkje kl.11:00

Familiegudstjeneste. Utdeling av 4- og 6-års bøker. Amigos deltek. Takkoffer til Amigos.

Ranes kyrkje kl. 18:00

Konsert til inntekt for orgelet i Ranens.

Straumsnes kyrkje kl. 11:00

Høgmesse. Vidar Halaas.

Øre kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Misjonsprosjektet. Kyrjekaffi.

Laurdag 24.november

Stangvik kyrkje kl.18:00 Konsert med VOX

Domssøndag/Kristi kongedag 25.november

Matt.25,1-13

Halsa kirke kl.11:00

Gudstjeneste. Takkoffer til Kristenrussen i Nordmøre og Romsdal Storset.

Hov kirke kl.11:00

Kyrkjelydshuset på Skei kl.11:00

Gudstenesteleg møte. Normisjon.

Onsdag 28.november

Ålvundeid kyrkje kl.18:00 Laskerud. Lysmesse med konfirmantane. Møte med frivillige

medarbeidarar og biskopen på bedehuset etter gudstenesta.

Torsdag 29.november

Øksendal kyrkje. kl.19:00

Biskopen. Nattverd.

Øksendal songlag blir med.

Laurdag 1.desember

Stangvik kyrkje kl.17:00

Konsert Händels Messias

1.søndag i adventstida 2.desember

Matt.21,10-17

Hov kirke kl.11:00

Familiegudstjeneste med bispevisitas. Takkoffer.

Kirkekaffe og visitasmøte.

Øye kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Todalen kyrkje kl.16:00

Ljosmesse. Utdeling av biblar. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Stangvik kyrkje kl.19:30

Ljosmesse. Utdeling av biblar. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Beghi

Tingvoll kyrkje kl.11:00

Lys våken-gudsteneste. Cathrine Grutle. Offer til søndagsskolen.

Øre kyrkje kl.11:00

Familiegudstjeneste.

Lys vaken-deltakarar.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Kyrjekaffi.

Onsdag 5.desember

Stangvik aldersheim kl.10.30

Nattverdsgudsteneste.

Torsdag 6.desember

Ranes kyrkje kl.19:30

Ljosmesse. Takkoffer.

Laurdag 8.desember

Åsskard kyrkje kl.16:00

Julearrangement med Åsskardkoret

2.søndag i adventstida 9.desember

Joh.16,21-24

Halsa kirke kl.16:00

Lysmesse ved konfirmantane. Takkoffer til Menighetsarbeidet.

Rindal eldresenter kl.11:00

Gudstjeneste. Lene Gåsvatn.

Rindal kirke kl.19:30

Lysmesse. Lene Gåsvatn. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Hov kirke kl.11:00

Laskerud. Nattverd.

Gjøra kapell kl.18:00

Lysmesse med konfirmantane. Storset. Takkoffer til Kyrkjebladet. (Merk tida!)

Øksendal kyrkje kl.19:30

Lysmesse. Øksendal songlag. Avskjedsgudsteneste med Boye. Kyrjekaffe.

Ranes kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Takkoffer til Orgelet i Ranens.

Åsskard kyrkje kl.19:30

Ljosmesse. Utdeling av biblar. Takkoffer til Norges Røde Kors

Straumsnes kirke kl.16:00

Lysmesse. Cathrine Grutle. Offer til Acta

Gjemnes kirke kl.19:00

Lysmesse. Konfirmantane deltar.

Torsdag 13.desember

Mo kyrkje kl.19:30

Ljosmesse. Takkoffer.

Laurdag 15.desember

Stangvik kyrkje kl.16:00

Julekonsert med lokale krefter.

3.søndag i adventstida 16.desember

Joh.5,31-36

Valsøyfjord kirke kl.16:00

Sanggudstjeneste. Takkoffer til Menighetsarbeidet.

Lomundsjø bedehus kl.11:00

Familiegudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Lomundsjø bedehus.

Hov kirke kl. 11:00

Storset. Takkoffer.

Hov kirke kl. 19 (?)

Julekonsert. (Sjå eiga kunngjering.)

Nordvik forsamlingshus kl.11.00 Gudsteneste. Takkoffer til Sjømannsmisjonen.
Ranes kyrkje kl.16.00 Vi syng jula inn.
Åsskard kyrkje kl.19.30 Julekonsert.

Tingvoll kyrkje kl.16:00

Øre kyrkje kl. 15:00

Lysmesse. Cathrine Grutle. Offer til KRIK

Julekonsert. Lokale kor og korps og elevar frå kulturskulen

Trusopplæringsreformen

I store deler av Den norske kyrkja har trusopplæringsprosjektet vorte ein fast og viktig del av kyrkjelivet gjennom fire år. I 2011 fekk 65 prosent av kyrkjelydane tilskot til trusopplæringa, 677 sokn samt døvekyrkja er i gjennomføringsfasen av reformen og 152 i mellomfasen. Når reformen er gjennomført i heile kyrkja, vil statsstøtta koma opp i 250 mill kroner årleg. I år er det

innvilga 203 mill kroner over statsbudsjettet, noko som kyrkja har kritisert som for dårleg framdrift. Mange kyrkjelydar ventar på tilskot for å koma i gang.

Det er gjennom stiftelsen Kirkeforskning (Kifo) utarbeidd ein rapport der samarbeidet mellom kyrkje og heim om trusopplæring blir sett i fokus.



DØYPTTE — VIGDE — DØDE

Døyppte

VALSØYFJORD

14.10. Marikken Fjelnseth
07.10. Nils Stenersen
09.09. Halvor Raknes Røskar
RINDAL
30.09. Tiril Jonli-Anshus
30.09. Mia Aarønes
30.09. Sofia Okstad Landsem
07.10. Ina Lovise Bye Halsetrønning
ØVRE RINDAL KAPELL
21.10. Mille Øyen

ROMFO

18.08. Julia Roze
18.08. Lilly Roze
16.09. John Sigmund Christie Kletthammer
HOV

19.08. Mari Meisingset

01.09. August Dale
02.09. Liana Hagen
02.09. Eva Mari Brakstad
02.09. Henrik Furu
30.09. William Wirum Holen
14.10. Anna-Louise Grødal Caquet

ÅLVUNDEID

26.08. Lukas Antonio Jonassen

09.09. Ida Mæhle

ØYE-RANES

02.09. Eirik Jacobsen Mogstad
23.09. Kathrine Holsæter
23.09. Victoria Sousa Garte
14.10. Solveig Mariell Bergsnev Røen
14.10. Rakel Aune Bævre
14.10. Ingrid Wedul Sæter

MO

07.10. Jostein Fiske
07.10. Ane Stavås

STANGVIK

09.09. Olve Moen Strand
09.09. Lisa Hammes
09.09. Liv Hedwig Brakstad
07.10. Sarah Emilie Venås Sánchez

ÅSSKARD

16.09. Sofie Mo
TODALEN
23.09. Anders Dalsegg Bruset
23.09. Ida Sofie Øyen

TINGVOLL

23.09. Vilde Solli Stomsvik
07.10. Kristian Røskar Lokshall
07.10. Tor Egil Haugvik
07.10. Lars Bergslid Rolland
GJEMNES
30.09. Mali Frostad
ØRE
09.09. Celine Bjerkeset Warvik
23.09. Andreas Apold Lillebø
23.09. Peter Ødegård Flemsæterhaug

Vigde

HALSA

06.10. Åsrun Henden og Lars Enge
ROMFO
25.08. Marit Johanne Andresen Tronsgård og Lars Dybdahl-Nielsen

HOV

25.08. Edel Tangen og Lars Mølsæter Wennevold
01.09. Eirunn Innerdal og Jonny Dale
06.10. Aud Eli Engtrø og Håvard Løkkhaug

ÅLVUNDEID

06.10. Siw Marit Øverås Brekken og Lars Erik Aasen Pedersen

TINGVOLL

15.09. Katrine Bulling og John Rasmus Leinum

Døde

VALSØYFJORD

17.09. Harald Voll f. 1920
16.09. Johannes Kolbjørn Maalen f. 1936

28.09. Aslaug Birgitte Jenssen f. 1928
05.10. Odd Stamnes f. 1947

HALSA

25.09. Sigmund Brun f. 1942

RINDAL

28.08. Ingeborg Løseth f. 1926
06.09. Marie Halgunset f. 1919

ØVRE RINDAL KAPELL

29.09. Randi Gåsvatn f. 1919

ROMFO

02.10. Marie O. Gravem f. 1923

HOV

09.08. Kjell Magnar Faanes f. 1933
14.05. Leif Dagfinn Todal f. 1945
(Steigen)

14.08. Møyfrid Dahl f. 1920

20.08. Kirsten Gurine Stølan f. 1920

28.08. Hjørdis Sørensen f. 1930

02.09. Hans Holten f. 1929

03.09. Ola Mæhle f. 1921

14.09. Marius Liabø f. 1954

17.09. Lilly Tordis Løvik f. 1926

18.09. Per Oddbjørn Melkild f. 1941

20.09. Lilly Skotheim f. 1925

23.09. Torleif Heggset f. 1932

20.09. Bjarne Sundstrøm f. 1918

20.09. Bodvar Lyche Øiestad f. 1930

23.09. Johanna Sunde f. 1917

26.09. Solfrid Birgitte Hagen f. 1940

28.09. John Sundseth f. 1930

ØKSENDAL

04.09. Ivar Jordal f. 1916

21.09. Ivar Haugen f. 1919

ØYE-RANES

30.08. Marie Holten f. 1939

04.09. Lisbeth Kristine Warvik f. 1927

05.09. Jon Arne Krangnes f. 1975

07.09. Solveig Hilda Ellevset f. 1925

08.09. Maren Bævre f. 1923

19.09. Ingrid Nordvik f. 1923

MO

10.09. Tore J. Moen f. 1938

08.08. Alfhild Julie Fiske f. 1933

STANGVIK

27.09. Mette Kvande f. 1946

TODALEN

05.09. Gunnhild Signy Ansnes f. 1929

ÅSSKARD

28.09. Ola L. Bele f. 1937

03.10. Sigurd Gjengstø f. 1939

03.10. Sverre Johan Holm f. 1928

TINGVOLL

21.09. Gladys Margrete Eide f. 1931

STRAUMSNES

25.08. Ove Haugen f. 1943

22.09. Margot Osen f. 1918

ØRE

03.09. Yngve Remmereit f. 2003

16.09. Arnfinn Orset f. 1944

ANDAKT **Truskap mot bodskapen**

1.Kor 3,11: *Ingen kan leggja ein annan grunnvoll enn den som alt er lagt, Jesus Kristus.*

Ver tru mot bodskapen om Jesus Kristus. Også for dei som forkynner Guds ord er det lett å prata folk etter munnen. Ein tek bort noko her og legg til noko der, så det vert lettare å formidla bodskapen. Det treng ikkje ein gong vera vond vilje bak. Det er berre så mykje lettare å fylgja tankar og meiningar som er inn i tida. Det er så mykje lettare å bera fram ein bodskap som folk vil ta imot.

Men Paulus seier at han har

lagt grunnvollen som ein klok byggmeister. Han har grunnlagt kyrkjelyden i Korint. Den grunnvollen la han ved å forkynna Jesu Kristi frelsesverk. Nokon annan grunnvoll kan heller ikkje verta lagt for ein kristen kyrkjelyd. Difor er det berre denne grunnvollen det kan byggjast vidare på.

Rett nok kan det byggjast på fleire måtar. Likevel sit byggmeisteren med ansvaret. Han kan reisa ein bygning som ser vakker ut. Men her gjeld det styrke. Bygningen må bli ståande. Eller sagt med andre ord: Det gjeld truskap mot bodskapen. Då er det to ting som

tel. Me lyt sjå til at bodskapen ikkje vert forkasta. Ordet lyt førast vidare reint og rett. Likevel er ikkje det nok. Som ein stafettpinne skal bodskapen vidare. Ja, tenk om me kunne vera brennande kristne, som byggjer på grunnvollen Kristus har lagt. Bodskapen om Jesus kan setja hjarto i brann. Der kyrkjelyden veks, står det brennande hjarto bak. Då kan me syngja om namnet Jesus som set sjeler i brann. Strid trua sin gode strid mot hatet og synda i verda!

*Nils Heie
(vikarprest i Halså)*

Kyrkjeval

Kyrkjeforliket som vart inngått på Stortinget i 2008 krevde at det skulle gjennomførast ein demokratireform i kyrkja før det kunne gjerast endringar i Grunnlova som mellom anna vil føra til at Den norske kyrkja sjølv kan tilsetja prostar og biskopar. Dette har i stor grad vore gjennomført, og deltakinga i valet til sokneråd auka i frå 4,2 prosent i 2005 til 13,1 prosent i 2009.

Bibelrekord

Det er vel eitt år sidan den nye bibelutgåva vart lansert. Salstalet for Bibel 2011 nærmar seg 145.000 ekspl, tre gonger så mykje som på eit normalår. Generalsekretær i Bibelselskapet Ingeborg Mongstad Kvammen seier at den store interessa og entusiasmen for Bibelen var ikkje berre eit blaff, men vedvarer. Spesielt dei unge vil finna ut kva som er grunnlaget for vår kultur i møte med eit fleirkulturelt og mangelreligiøst samfunn. Fleire forfattarar går ut og seier at Bibelen er grunnlaget for vår kultur og vår måte å tenkja på.

Ref: Det norske bibelselskap.

Evangelisk luthersk nettverk

To lutherske kyrkjesamfunn og tre organisasjonar har 29. mars danna eit evangelisk luthersk nettverk utan tanke på å danna eige kyrkjesamfunn, men med overordna perspektiv «å drøfte de langsiktige linjene i den kirkelige utviklingen og ulike handlingsalternativer dersom det skjer et større oppbrudd fra Den norske kirke.» Dei fem samarbeidspartane er Misjonssambandet, Normisjon, Indremisjonsforbundet, Den Evangelisk Lutherske Frikirke og Det evangelisk Lutherske Kirkesamfunn.

Preses i Den norske kyrkja vil ta initiativ til ein samtale med representantar for det nye nettverket.

Ref: VL

Avvigsling

Kyrkjerådet ønskjer avvigsling av kyrkjer som skal tas ut av funksjon som Gudshus. Professor Harald Hegstad ved Menighetsfakultetet meiner at Den norske kyrkje treng ein liturgi for avvigsling av kyrkjer, fordi riter og ritualer er viktige for å koma vidare både for enkeltmenneske og for fellesskapet.

(VL)

Sitat

«Jeg etterlyser gode ideer til hjemmets trosopplæring som passer for vår tid. I en hektisk hverdag trenger ikke småbarnsfamilier enda en plikt som tynger dem ned.» Dr.theol Ingunn Breistein

«Mens det fokuseres på trosopplæringen i kirken, er det mindre oppmerksomhet om stedet der kristendommen skal leves ut mesteparten av uka, nemlig i hjemmet. Kanskje mangler foreldre i dag både frimodighet og gode rammer når det gjelder å formidle troen til sine barn.» Dr.theol Ingunn Breistein, leder av institutt for religion, filosofi og historie, Universitetet i Agder.

«Eg ser ikkje for meg korleis mine barn skal veksa opp som frimodige kristne dersom dei ikkje gjennom familien vert innlemma i heilage vanar, dersom dei ikkje vert kjende i Guds hus og lærer å finna glede og kraft og mot i bøn.» Sofie Braut, trebarnsmor og lektor

Kjære kristne småbarnsforelder, la deg gjerne inspirera til å halda fast på heilage vanar, sjølv om vi alle veit så godt at det krev meir gjennom dei få åra barna våre er små og avhengige.» Sofie Braut, trebarnsmor og lektor.

Rekreasjon

Åkerlehaugen retreatsenter i Solemsdal i Molde er eit senter for rekreasjon, kvile, åndeleg

veggleing og sjelesorg. Senteret arrangerer også temadagar, men kan brukast til personleg meditasjon, stille og ro. Plassen er ein privat

stiftelse, forplikta på Bibelen og den evangelisk-lutherske lære. Er knyta til Den norske kyrkja ved Møre bispedømmeråd. www.akerlehaugen.org



HALSÅ

Halså - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
 Kirkekontoret 71 55 96 39
 E-post kirkeverge:
 kirkeverge@halsa.kommune.no
 Bildet: Halså kirke

50 - års konfirmanter i Halså



Disse ble konfirmert den 17. juni 1962. 23. september 2012 var de samla til 50-års konfirmanttreff med gudstjeneste i Halså kirke og samling på Rasteplassen.

Fremste rekke fra venstre: Sigrun Snekvik Hesjehagen, Reidun Foss Husby, Else Moen Rygg, Ingrid Liabø, Oddrun Hals, Louise Sylthe Sveum, Ellbjørg Henden, Brita Kleven Torsvik og Olaug Sandshavn Olsen.

Midterste rekke fra venstre: Ingrid Betten Aasgård, Ingeborg Kvande Næss og vikarprest Nils Heie.

Bakre rekke fra venstre: Bersvein Taknes, Johan Steinar Romfo, Josef Arvid Kleven, Solgunn, Johanne Oterholm Hoem og Annlaug Synnøve Rabben Jørgenvåg.

Kyrkjerådsleing

Svein Arne Lindø vart attvald som leiar av Kyrkjerådet under Kyrkjemøtet i april.

Kristin Gunleiksrud frå Oslo bispedøme vart samrøystes vald som nestleiar i Kyrkjerådet 2. mai.

Samtidig vart Kyrkjerådets arbeidsutval etablert for ein periode på to år.

Utvalet består av Kyrkjerådets leiar og nestleiar, Bispemøtets preses Helga Haugland Byfuglien og Egil Morland frå Bjørgvin bispedøme.

Bibelfunn

Johann Sebastian Bachs bibel vart oppdaga av ein samlar med Bach-kunnskap på nettannonse. Den er frå 1704 og vakert illustrert med inskripsjon «ISBach 1744» på tittelbladet. Bach har også notert, streka under og gitt kommentar i margen, som gir eit innblikk i komponistens tankar. Bibelen er ein sensasjon og ein juvel i ei større utstilling i Bach-museet i Leipzig i samband med årets Bach-fest.

(VL)

Bøker II

Min bok om Jesusbarnet – for de minste – IKO forlag

Min bok om Noahs ark – for de minste – IKO forlag

Min bok om Skapelsen – for de minste – IKO forlag

Min bok om Sauen som forsvant – for de minste – IKO forlag

En kjempestor bibel for de bitte små – 10 fortellinger fra Bibelen – IKO forlag

Jesus – Fortellingen om Jesu liv i ord og bilder – IKO forlag

Den magiske julestjernen – IKO forlag
 Julefortellingen med luker til å åpne – IKO forlag

Bibel for barn – IKO forlag
 Julens fortelling – julebudskapet for litt større barn – IKO forlag

Reisa til Betlehem (nyn) – IKO forlag

Barnesalmeboka – Verbum forlag
 Guds barn . Bibelfortellinger ved Desmond Tudu – Verbum forlag

Min bildebibel – Verbum forlag
 Fortell dine barn – Bibelformidling i trosopplæring – Verbum forlag

Dødehavsrullane

Vel 60 år etter at ein gjetar fann dei første rullane nær Qumran ved den nord-vestlege enden av Dødehavet i 1947, er desse 2000 år gamle tekstene klare for nettet. Sjå <http://dss.collections.imj.org.il/>

Ref: *Nytt om Bibelen, Bibelselskapet*

Misjon

Sør-Koreas misjonsbevegelse er den raskest voksende i verden. Om veksten fortsetter, vil de overgå USA som verdens største misjonærland innen 2020. Antallet sørkoreanske misjonærer har firedoblet seg de siste ti årene. I dag kommer nesten 25.000 av verdens misjonærer derfra. De siste to tiårene har antall misjonærer økt fra 1.000 til 25.000.

Ref: VL

Ny bibel

Salet av den nye bibelomsetjinga har gått over all forventning. Våren 2012 var over 100 000 biblar i ny omsetjing, Bibel 2011, seld sidan i fjor haust. Det er no laga mange forskjellige utgåver av Bibelen, m.a. ein brudeparbibel til bruk som gåve, gjerne frå kyrkja til dei nygifte.

Ref: *Nytt om Bibelen, Bibelselskapet*



Dåpsklubben Tripp Trapp

Tripp Trapp-klubben er eit godt tilbod frå IKO (Institutt for Kristen Oppseding) som hjelp i trosopplæringa, spesielt i heimen. Flott dåpsgåve!

[Www.tripptrapp-klubben.no](http://www.tripptrapp-klubben.no)



SURNADAL

Øye - Mo - Ranese

Kyrjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund
 @surnadal.kommune.no
 Biletet: Ranese kyrkje - Stangvik kyrkje



Ny gudstenesteordning

Som oppfølging av soknerådas forslag til ny gudstenesteordning hadde kvart sokn i Stangvik ein gudstenestekveld med den nye liturgien og etterfølgjande soknemøte der forslaget vart lagt fram og drøfta. Kommen-

tarar vart notert og send med til vurdering.

Gudstenestereformen opnar for lokale variantar i tekst og musikk innan rammene av obligatoriske ledd Sokneråda hadde gjort så få og skånsame forandringar som

råd. Likevel tykte fleire at det vart for store forandringar. Sokna ønskte elles å ha meir salmesong enn det opprinnelege forslaget frå komiteen.

I Todalen var kveldsmessa med nattverd ved vikarprest Dag Øvind Østereng.



Tekst: ERE. Foto: Jon Olav Ørsal

Trekning av loddsalg

Tysdag 7.november kl.19:00 vert det trekning av loddsalg til inntekt for orgelet i Ranese, på Kyrkjelydshuset. Øye og Ranese sokneråd inviterer til sosialt samvær over ein kaffekopp med enkel kveldsmat.

Alle velkomne.

Lysmesser

Konfirmantane våre tek del på lysmessene i Ranese torsdag 6.desember og i Mo torsdag 13.desember.

Vi syng jula inn

3.søndag i advent kl.16:00, er det dukka for den tradisjonelle julekonserten med lokale song- og musikkrefter.

Konsert i Ranese

Søndag 18.november kl.18:00

Dei som blir med er:
 Åsskard kyrkjekor,
 Tordenskjold songlag
 Sigrid Vetleseter Bø
 Elin Persson
 Anders Larsen
 Erling W.Åsskard
 m.fl.
 Kollekt til orgelet.

Diakonhilsen fra Sør-Helgeland

En utvandret Helgelending er kommet heim igjen! Det kjennes i både kropp og sjel :o) Lufta er klar og har et streif av salt i seg, vinden rusker i håret og havet duver, bølger, skummer eller ligger blikk-stille – når jeg sykler av gårde (evet. kjører...) til en ny og mangfoldig dag som diakon i Brønnøy kommune! Arbeidsoppgavene er allsidige, men med stor vekt på diakonalt arbeid blant barn og unge, en god del innen trosopplæringen og sammen med Brønnøyspeiderne.

Snart et år har jeg bak meg i trivelig kollegaskap på kirkekontoret i Brønnøy sokn. Her har også prostens tilhold, med sine medarbeidere. Huset hvor vi holder til har historisk sus over seg – ”gamleskola”, oppusset for noen år siden. Brønnøy kirke ligger like ved, - bare et litt langt steinkast unna! Ei nyrestaurert steinkirke med røtter tilbake til tidlig på 1200-tallet :o) Her er jeg døpt og konfirmert, men ikke gift... Det

skjedde i det andre soknet hvor jeg også skal virke som diakon, ei rødmalt kirke i laftet tømmer i Velfjord og Tosen sokn (for øvrig Nord-Norges eldste trekirke fra 1674). Her er kystmiljø og småby, innland, fjord og fjell og bygdemiljø - ikke ulikt bygdene i Surnadal :o) Alle 4 trives så langt godt! Jentene koser seg sammen med mormor, tante og onkel, og begge trives godt i barnehagen. Med tid og stunder skal vi bygge hus, ved sjøen...

Jeg er takknemlig og glad for tiden i Surnadal og Rindal! Gode menneskemøter, vennlighet og omsorg tenker jeg tilbake på med glede. Trivelige, spennende – og noen krevende utfordringer møtte meg som diakon. Jeg vil med dette takke dere alle for ei god tid som ”Nordmøring” :o) - og ønske Guds fred og velsigning over hverdag og fest, hvermann og prest... ! PS! Vi blir veldig glade for besøk om noen skulle

finne på å legge turen langs Kystriksveien og stoppe i Brønnøysund! Velkommen! Velkommen også til www.bronnoy.kirken.no og www.velfjord.no. Meg treffer dere på gry.n.ebbesen@bronnoykirke.no eller telefon 75 00 95 50.

Beste hilsen diakon Gry



Brønnøy kirke

STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
Telefaks 71 66 47 01
E-post kirkeverge:
ingeborg.nordlund
@rindal.kommune.no
Bildet: Rindal kirke

Speidertur i Nordmarka

Ei helg i september var speiderne i Rindal og Surnadal på kanotur med telt og lavvo på Nordmarka i Surnadal. En av speiderne har vært reporter og sendt oss referat og bilder fra turen. Du kan lese det nedafor!

Speidertur i Nordmarka

På lørdag reiste speiderne i Rindal og Surnadal ut på tur i Nordmarka. Vi satte ut telt og lavvo ved Krokvatnet og slo leir der. Målet med turen var å lære å padle, kanotur var mye av turen. Lørdagen ble mye brukt på kanosetet. Vi kunne alle padle fra før, men vi hadde ikke prøvd på så lange distanser. Vi padlet fra den ene enden av vannet til det andre.

Der gikk vi i land og satte fra oss kanoene. Gåturen gikk mot grotten Limåskirka. Så gikk vi spente innover med både lomme- og hodelykt. Helt i gjennom kunne vi ikke gå, videre var det bare vann.

Så gikk turen tilbake. Vi padlet innom Vaulen, der vi lagde bål og spiste tomat-suppe. Vi lekte og koste oss helt til vi måtte tilbake.

Bålbrenning var også populært i Nord-

marka. Et bevis på det så vi senere da det ble ordnet enda et bål. Vi spiste middag og grillt. Etterpå varmet vi oss i soveposen før den siste aktiviteten for dagen.

Vi skulle ha en tur rundt i mørket ved bare hjelp av et lys. Ikke nok med det, vi skulle gruble på noen spørsmål vi ble spurt uten å snakke med noen. Til slutt hadde vi en liten stund med bare tenking.

Så la vi oss til å sove. Neste dag var det en ny kanotur.

Så kom dagen endelig. Vi kunne se det hadde vært kaldt ved å se på teltduken. Der hadde det vært frost. Vi spiste, så kom morgenandakten før kanoturen. Kanoturen



Padling på Krokvatnet. Bålbrenning ved Krokvatnet. Leir ved krokvatnet.

denne dagen gikk bare over på motsatt side av vannet. Det ble pakking og venting helt til vi ble kjørt hjem til Bedehuset.

Tekst/foto: Sigurd Fagerholt

Skarheim, menighetshytta i Vålåskaret

Først på 1960-talet gjekk menighetene i Rindal og Meldal saman om å skaffe seg ei menighetshytte i Vålåskaret i Meldal, ikkje langt frå kommunegrensa. Siste søndag var det felles gudsteneste i Skarheim, som er namnet på menighetshytta. Les om det her.

Tanken om ei menighetshytte dukka opp under ei synfaring Meldal kommu-

nestyre hadde i Resdalen i samband med planlegging av vegen over til Rindal, fortel meldalingen Jo Foss. Kommunestyret hadde da pause i ei hytte som ei jeger- og fiskerforening hadde bygd mesta ferdig. No vurderte dei å selge den, og same dagen var takstnemnda på besøk. Jo Foss og Johan Syrstad var medlemmer av kommunestyret. Dei er visst ikkje heilt samde om kven som kom på idéen først, men begge tykte at dette måtte vere ei luggum hytte for menighetene. Dei tok kontakt med sokneprest Arne Sæter i Rindal. Han tykte også idéen var god og fekk med seg rindalingane på dette. Skarheim vart kjøpt av menighetene for 26 000 kroner.

Jo Foss og Johan Syrstad var på gudstenesta denne søndagen i lag med Ola Sæther som har vore vaktmester og kontaktmann mesta alle desse åra. Ledar for styret no er Arnt Bjørkhaug frå Meldal.

Ola Sæther fortel at Skarheim utanom denne årlege samlinga, er mest bruka av speidarane og grupper frå vidaregåande skule. Han seier at Skarheim gjerne skulle vore meir bruka både av lag, familiar og mindre grupper, både sommar og vinter. Berre ta kontakt med Ola Sæther, tlf. 71 66 69 21

Etter mange dugnadstimar vart hytta ferdigbygd, og seinare er den utbygd både med veranda og anneks. Hytta har sommarvatn til veggen. Kjøkkenet har gasskomfyr. Elles er det vedfyring både med omn og peis. Annekset har gassovn. Det er to store soverom med på loftet. Hytta har solcellepanel for lys.

Godt merka turstig til Resfjellet og Mjukinn går tett forbi Skarheim.

Du finn Skarheim i den freda sætergrenda Vålåskaret ved Resvatnet ved fylkesvegen som går frå Rindal gjennom Romunstadbygda over til Å i Meldal. Det er mange hyttefelt i dette området.

Tekst og foto: Ole T



På sengekanten

Bodil Kvam Aasbø er no tilbake i 20% stilling som kyrkjelydspedagog i Surnadal etter svangerskapspermisjon. Ekteparet Bodil og Bjørge bur i Bøfjorden og har tre born i alderen 1, 4 og 6 år. Bodil driv ikkje berre trusopplæring i kyrkja, men også i heimen. Det kan vera krevjande å få til i ein hektisk og travel kvardag. Men Bodil seier at dei legg vekt på å ha ei kveldsstund sammen på sengekanten når borna legg seg. Da les dei for borna, gjerne kristne barnebøker eller barnebiblar, og så syng dei ei bøn. Foreldra spør borna om det er noko dei vil be for. Da får dei koma med sine tankar og det kan bli ein god samtale. Dei bruker også ei enkel andaktsbok som heiter «Velsignelser hver dag». Elles poengterer Bodil at det finst så mange fine kristne barnebøker,

både hos IKO (Institutt for Kristen Oppseding) og andre forlag. Også medlemsklubben Tripp Trapp er ei god hjelp.

Den største av borna er med i barnegruppa Amigos for skuleborn, som Bodil driv. 16 born er med der.

Sammen med andre familiar reiser dei også på kristne familieleirar to gonger i året, noko som borna likar svært godt, Solhøgda i Ålvundfjord om vinteren og IMI Stølen (Oppdal) om sommaren.

Det er langt til søndagsskulen på Skei, og Bodil skulle ønska at dei kunne vore med meir der, for det er så flott opplegg. Men dei prøver i alle fall å delta på familie gudstenester.



Bodil seier at det ikkje er så lett å få til eit regelmessig andaktsliv sammen som vaksne etter dei fekk born. Foreldre kan også ha forskjellige behov, men dei kan be sammen og hjelpa kvarandre i den viktige

oppgaven å skapa ein heim med kristen tru.

ERE

Trusopplæring i ein vanleg heim

Marit og Per Arne Hyldbakk på Hyldbakkan i Surnadal er foreldre til to småjenter, Elise Margrethe og Ida Anette, 7 og 5 år.

Dei er som kristne foreldre veldig bevisste på at dei ønskjer å skapa ein heim med kristne verdiar og gode, trygge rammer omkring det kristne livet i heimen.

Dei prioriterer å ta borna med på søndagsskule, kristne barneleirar og familieleirar. Og dei tek tid til bordbøn og song og bøn ved sengekanten om kvelden. Da spør dei gjerne jentene

om det er noko dei ønskjer å be om eller å be for. Dette gir gode stunder, og det kan koma opp mykje frå kvardagen som dei kan samtale om.

Dei tek også del i familie-gudstenester i kyrkja og festar og arrangement på bedehuset som borna kan vera med på.

Borna er også medlemar i Tripp-Trapp-klubben som er eit godt tilbod frå IKO, Institutt for Kristen Oppseding, med pedagogisk tilrettelagt materiale for dei forskjellige aldersgrupper. Gjennom denne medlemsklubben får dei tilsendt kristne

barnebøker, video og cd-ar med kristne barnesongar. Det er også eit godt hjelpemiddel for foreldra.

Sjølv om det er ein travel kvardag, så er det viktig å få til ei god stund kvar dag, meiner dei.

Kvifor er dette så viktig for dykk?

Det er viktig å halda lovna-den vi gav ved dåpen og det er viktig for oss å gi vidare den gode ballasten vi sjølv har fått i barndomen, seier dei.

ERE



Tips til julefeiring

Den merkantile julefeiringa er alt i gang. Vi kan alt nå tenke alternativt.

Forslag fra Kirkeaktuelt.no:

- vis og lær barna gleden ved å gi fremfor å få gaver
- gi heller bort opplevelser og samvær enn ting
- inviter hjem noen som gruer seg til en ensom julefeiringa
- besøk noen du ser sjelden



Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

Utgjevar:
**SOKNERÅDA PÅ
INDRE NORDMØRE**

REDAKTØR:
Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
☎ 71 66 02 81
E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Ole Trygve Foseide
☎ 976 82 829
E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:
Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP.:
Prosit design og
kommunikasjon as
☎ 71 66 50 80
E-post: post@prosit-design.no
6657 Rindal

TRYKK:
Wennbergs Trykkeri AS
☎ 72 88 98 00
7075 Tiller

KYRKJEBLADET PÅ NETT:
<http://www.rindal.kirken.no/>

Sjå øvst til høgre på menylinja